Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. no. 9 Fylke: Hardaland

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Kinsarvik

Emne: Lauving Bygdelag: Nesstrand

Oppskr. av: Margreta Lutro Gard: Lutro

(adresse): Lofthus Hardanger G.nr. 151 Br.nr. 7

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1

Lauving har vore årvisst her mykje lenger enn i manns minne. Her stend enddå att gamle stuabjørker, som ein veit er yver 200 år, avdi dei er vakse upp i gamle skredlaup. I den tid har desse bjørker vore lauva i fjorde eller femtekvart år.

Ein rekna med, at lauvet var tre-parten av smalaforet um vinteren, då sauene fekk eitt lauvmål kvar dag. Dei som har god arbeidshjelp lauvar noko enddå.

2 Det var um hausten, millom høy og håslåtten ein lauva i åsk, osp, raun og bjørk.

3. Er ein tre, som lauvar, so klyv den eine upp i stuven og høgg ned dei

1686

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

greiner, som skal takast det
året. Dem andre tek då
greinerne og kvistar dei
i høveleg lengd med lauv-
kniven, og den tridje sam-
lar kvistene saman med
skavkene uppå og bind dei
saman med ein „helve"
til høveleg store „kjerv"
Nyhøggde aske greiner hentar
ein lauvet av med hendi.
samlar det i sekk og turkar
det på eine skukke i låa.

4 Det er vanlegt, at husbonden
stuvar dei unge lauvtrei med det same
i den tiegen ein lauvar.
Han hogg då toppane av i
mannshøgd og set att
sidegreinerne. Dei stend
då og veks nokre år, til dei
er so store, at ein kan hogga
utav lauvbuskar att.
Der ein hev lauvskog noko
lenger burte frå garden, der
stuvar eller kyller ein ikkje
bjørki, men ho får stå å
vaksa seg stor og kallast
då „Rabjørk" Slike store rake
bjørker hoggde ein jonsokbil
i „Saaden" og flekte neveri
og „barken" av. Var det ikkje
1686 for lang veg, so nytta ein ogso lauvet.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

5. Lauvkjervi løyyer ein på
streng eller bar dei heim um
kvelden og hengjer til turk
det ein hev lauva um dagen.
Ein lesar då saman tvo og
tre "kjerv" og hengjer dei på
ei hes, eller på ei "Dronk"
som er laga til det, av
lange stenger, som legg mellom
trei eller tvo staurar bundne
i kross. Inne i løa set ein
ogso lauvkjerv til turk tett
i tett, og hengjer dei ogso
upp ute på löveggen på
spikrar. Eitt lauvhundra
rekna ein alltid 6 kjuge.
Av nyhaggde askar turka ein
ofte lauvlav med handi
og hesja det saman med
høi.
6 Lauv som var upp-
hengt og turka i skogen,
vart anten köyrt eller bore
heim. Kararne kunde då
bera på lag 15 kjerve og kvinn-
orne ikring 10.
Ein hadde ikkje lauvdeig-
na utan der var sam-
eiga i skogen.

7 Ja. Kararne haggde med
og kreisla. Kvinnorne batt kjervi

1686
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

4

8 Lauvet vert lagd i lader og strøytt med salt. Det er sau-ene, som før bjørkelauvet til middags. Ein reknar pa eitt lauvskjerv til 3 sauer.

9 Det er aske og raunelauv.

10 Almelauv strykt ein av greinerne, turkar det, gjev det til grisene, bløytt med mjøl på.

11-12-13-14-15. Nei

B. 1 Rakelauv, Sopelauv
Lauvsmå

2 Alt slags lauv utan orrelauv.

3 Ein rakar det saman med riva.

4 Og stappar det i sekkjer
5 Ja.
6 Ein legg det på løskukken
7
Både sauer og kyr får rake-lauv, kyrne som attgjåsfor

8 Ja. Apalauv.

9 Nei, Ja. Ein rakar inn lauv kvar haust

1686
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING